



DET KONGELEGE BARNE-
OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

Prop. 23 S

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2018 under Barne- og likestillingsdepartementet

*Tilråding frå Barne- og likestillingsdepartementet 23. november 2018,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Barne- og likestillingsdepartementet (BLD) fram endringsforslag til statsbudsjettet for 2018 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

2 Endringsforslag

Kap. 840 Tiltak mot vald og overgrep

Post 61 Tilskot til incest- og valdtektssenter, overslagsløyving

Utgiftene til tilskot til incest- og valdtektssenter blir no rekna til 94,5 mill. kroner. Dette er 1,4 mill. kroner lågare enn gjeldande budsjett. Mindrebehovet skuldast at to av sentera ikkje har oppfylt tilskotsvilkåra. BLD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 840, post 61 med 1,4 mill. kroner.

Kap. 841 Samliv og konfliktløysing

Post 21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjerse, overslagsløyving

Prognosen for bruk av meklarar utanom familievernet er høgare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. BLD føreslår derfor å auke løyvinga under kap. 841, post 21 med 0,7 mill. kroner.

Post 23 Refusjon av utgifter til DNA-analysar, overslagsløyving

Prognosen for talet på DNA-analysar til fastsetjing av farskap er lågare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. BLD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 841, post 23 med 0,9 mill. kroner.

Kap. 843 Adopsjonsstønad

Post 70 Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, overslagsløyving

Prognosen for talet utanlandsadopsjonar er lågare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. BLD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 843, post 70 med 2,7 mill. kroner.

Kap. 844 Kontantstøtte

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Utbetalingane til kontantstøtte har til no i år vore lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2018 blir no rekna til 1 730 mill. kroner. BLD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 844, post 70 med 60 mill. kroner.

Kap. 845 Barnetrygd*Post 70 Tilskot, overslagsløyving*

Utbetalingane til barnetrygd har til no i år vore noko lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2018 blir no rekna til 14 880 mill. kroner. BLD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 845, post 70 med 50 mill. kroner.

Kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet*Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 22 og post 60*

Prognosar basert på aktivitetsutviklinga i det statlege barnevernet i 2018 gir eit meirbehov på 187 mill. kroner i inneverande år. Meirbehovet kjem i hovudsak av ein auke i talet på barn som er innskrivne i akutttiltak og barn med særskilde behov. BLD føreslår å auke kap. 855, post 01 med 187 mill. kroner.

Post 22 Kjøp av private barnevernstenester, kan nyttast under post 01

Prognosar basert på aktivitetsutviklinga i det statlege barnevernet i 2018 gir eit meirbehov på 119 mill. kroner til kjøp av private barnevernstenester i inneverande år. Meirbehovet kjem i hovudsak av ein auke i talet på barn som er innskrivne i akutttiltak og barn med særskilde behov. BLD føreslår å auke kap. 855, post 22 med 119 mill. kroner.

Post 60 Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak, kan nyttast under post 01

Utviklinga i 2018 tilseier eit mindrebehov i inneverande år på 56 mill. kroner på posten. Hovudårsakene er mindre bruk av fosterheim levert av private aktørar og tiltak gjennomførte for å redusere prisane på desse heimane. BLD føreslår å redusere kap. 855, post 60 med 56 mill. kroner.

Kap. 3855 Statleg forvaltning av barnevernet*Post 01 Diverse inntekter*

Løyvinga på posten består av kommunale innbetalningar for å dekkje ekstrautgifter som gjeld den einskilde bebuaren i statlege tiltak og andre tilfeldige inntekter som etaten har i året. Prognosar

viser at dei tilfeldige inntektene blir 5 mill. kroner lågare enn i vedtatt budsjett. BLD føreslår å redusere kap. 3855, post 01 med 5 mill. kroner.

Post 60 Kommunale eigendelar

Prognosar basert på dei same tala for aktivitet som på utgiftskapitlet, gir ei venta auke i inntekter frå kommunale eigendelar på 33 mill. kroner. BLD føreslår å auke kap. 3855, post 60 med 33 mill. kroner.

Kap. 856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekkjer utgifter til drift av statlege omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar under 15 år og forvaltingsoppgåver knytte til omsorgssentera.

Gjeldande løyving er basert på 89 plassar i dei statlege omsorgssentera i 2018. Det er venta at talet på einslege, mindreårige asylsøkjjarar under 15 år i 2018 og 2019 vil vere lågt. Departementet har lagt til grunn ein kapasitet på 50 statlege plassar i Prop. 1 S (2018–2019). Barne-, ungdoms- og familieetaten har i 2018 sett i gang arbeidet med å redusere talet på plassar i dei statlege omsorgssentera. Dette har gitt lågare utgifter inneverande år.

BLD føreslår å redusere kap. 856, post 01 med 34 mill. kroner.

Kap. 3856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar*Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter*

Nokre innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkjjarar og flyktningar kan, ifølgje OECDs utviklingskomité, godkjennast som offisiell utviklingshjelp. I samband med revidert nasjonalbudsjett var det venta at det ville bu i gjennomsnitt 50 barn i omsorgssentera i 2018. Dette talet er no redusert til 38 barn i gjennomsnitt i 2018. Summen som kan bli rapportert inn som utviklingshjelp blir redusert som følgje av dette og reduksjon i delen av barna i omsorgssenter som er venta å ha butid under eitt år i 2018.

BLD føreslår å redusere kap. 3856, post 04 med 8,9 mill. kroner.

Kap. 871 Likestilling og ikkje-diskriminering*Post 79 Internasjonalt likestillings- og ikkje-diskrimineringsarbeid, kan overførast*

Løyvinga på posten er 3,6 mill. kroner. Midlane skal nyttast til norsk deltaking i EU-programma *Progress (2007–2013)* og *Daphne III (2007–2013)*. Programma blei formelt avslutta i 2013, men nokre aktivitetar har heldt fram med økonomiske forplikingar i fleire år etter avslutningsåret. BLD vil likevel ikkje ha utgifter knytta til programma i 2018. BLD føreslår derfor å redusere løyvinga på posten til null.

Kap. 2530 Foreldrepenigar*Post 70 Foreldrepenigar ved fødsel, overslagsløyving*

Utgiftene til foreldrepenigar ved fødsel i 2018 blir no rekna til 18 300 mill. kroner. Dette er 890 mill. kroner lågare enn gjeldande budsjett. Mindrebehovet skuldast lågare fødselstall, lågare auke i utbetaling per mottakar og lengre sakshandsamingstid som gjer at talet på foreldrepenigesakjer som kjem til utbetaling i 2018 vil bli lågare enn tidlegare lagt til grunn. BLD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 2530, post 70 med 890 mill. kroner.

Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsløyving

Utbetalingane til eingongsstønad ved fødsel og adopsjon har til no i år vore noko høgare enn tid-

legare lagt til grunn. Utgiftene i 2018 blir no rekna til 620 mill. kroner. BLD føreslår derfor å auke løyvinga under kap. 2530, post 71 med 5 mill. kroner.

Post 72 Feriepengar av foreldrepenigar, overslagsløyving

Utbetalingane av feriepengar av foreldrepenigar har til no i år vore noko høgare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2018 blir no rekna til 480 mill. kroner. BLD føreslår derfor å auke løyvinga under kap. 2530, post 72 med 5 mill. kroner.

Post 73 Foreldrepenigar ved adopsjon, overslagsløyving

Utbetalingane av foreldrepenigar ved adopsjon har til no i år vore noko lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2018 blir no rekna til 57 mill. kroner. BLD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 2530, post 73 med 4 mill. kroner.

Barne- og likestillingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2018 under Barne- og likestillingsdepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2018 under Barne- og likestillingsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2018 under Barne- og likestillingsdepartementet

I

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
840		Tiltak mot vald og overgrep	
	61	Tilskot til incest- og valdtektssenter, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med.... fra kr 95 921 000 til kr 94 521 000	1 400 000
841		Samliv og konfliktløsning	
	21	Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, <i>overslagsløyving</i> , forhøyes med	700 000
		fra kr 10 946 000 til kr 11 646 000	
	23	Refusjon av utgifter til DNA-analysar, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med.....	860 000
		fra kr 5 649 000 til kr 4 789 000	
843		Adopsjonsstønad	
	70	Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med.....	2 700 000
		fra kr 12 172 000 til kr 9 472 000	
844		Kontantstøtte	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med.....	60 000 000
		fra kr 1 790 000 000 til kr 1 730 000 000	
845		Barnetrygd	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med.....	50 000 000
		fra kr 14 930 000 000 til kr 14 880 000 000	
855		Statleg forvaltning av barnevernet	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 22 og post 60</i> , forhøyes med.....	187 000 000
		fra kr 3 816 878 000 til kr 4 003 878 000	
	22	Kjøp av private barnevernstenester, <i>kan nyttast under post 01</i> , forhøyes med	119 000 000
		fra kr 2 561 973 000 til kr 2 680 973 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	60	Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak, <i>kan nyttast under post 01</i> , nedsettes med	56 000 000
		fra kr 415 176 000 til kr 359 176 000	
856		Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med.....	34 000 000
		fra kr 217 067 000 til kr 183 067 000	
871		Likestilling og ikkje-diskriminering	
	79	Internasjonalt likestillings- og ikkje-diskrimineringsarbeid, <i>kan overførast</i> , nedsettes med.....	3 642 000
		fra kr 3 642 000 til kr 0	
2530		Foreldrepengar	
	70	Foreldrepengar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med	890 000 000
		fra kr 19 190 000 000 til kr 18 300 000 000	
	71	Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , forhøyes med	5 000 000
		fra kr 615 000 000 til kr 620 000 000	
	72	Feriepengar av foreldrepengar, <i>overslagsløyving</i> , forhøyes med.....	5 000 000
		fra kr 475 000 000 til kr 480 000 000	
	73	Foreldrepengar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med	4 000 000
		fra kr 61 000 000 til kr 57 000 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3855		Statleg forvaltning av barnevernet	
	01	Diverse inntekter, nedsettes med	5 000 000
		fra kr 15 569 000 til kr 10 569 000	
	60	Kommunale eigendelar, forhøyes med	33 000 000
		fra kr 1 398 039 000 til kr 1 431 039 000	
3856		Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, nedsettes med.....	8 928 000
		fra kr 61 572 000 til kr 52 644 000	

